

Nils Georg Brekke

## BOGATUNET OG DEN VESTNORSKE BUSETNADSHISTORIA

*Når vi kjem opp i det vesle tunet på Boga på Radøy og ser det samanbygde anlegget av tre hus med ulik mønehøgd, kunne vi gjerne tru at her står det hus som har vorte bygt til etterkvart som det har vore trong for meir rom. Men slik er det ikkje. Går vi inn i historia, oppdagar vi at det vi har framfor oss, er eit lite langhus med tre seksjonar: eldhus, stove og bu med loft. Med dagens kunnskap er det openberrrt at dette ikkje er ei ny utvikling mot stigande bustadstandard på 1800-talet, for å få alt under eitt tak, slik teologen og folkelivsgranskaren Eilert Sundt trudde, men tvert om slutten av ei lang utvikling frå mellomalder og vikingtid; det funksjonsdelte huset.*

Då fredningslistene vart sette opp etter at lova om bygningsfredning var vedteken i Stortinget i 1920, hadde ein ikkje nok kunnskap om desse samanbygde anlegga i det vestnorske lyngheilandskapet ut mot Atlanterhavet. Derfor kom dei ikkje med på oversynet over bygningar som burde fredast, og det skulle gå mange år før dette vart retta opp. Den som sette opp fredningsoversynet for Stortinget var professor Anders Bugge, og han hadde eit nettverk av heimelsmenn som kunne gje opplysningar om fredningsverdige hus utover i landet. Av lett forståelege grunnar vart relativt mange tun i Gudbrandsdalen og gamle loft i Telemark og Setesdal freda, men på Vestlandet var det færre bygningar som merkte seg ut med stort ovaltelgt laftetømmer og med forseggjort utstyr og dekor.

Ein av bygningane som Bugge fekk opplysningar om, var eit samanbygt hus på Risa i Lindås, med eldhus, stova og bu på rekkje, og ei torvsval framfor bua mot nord, innanfor ein stor gråsteinsmur. Det som vart notert med ei viss interesse, var at bua var ein eldre tømra bygning som var flytta frå Masfjorden, datert til kring 1750. Denne bua såg Bugge som eit mogleg fredningsobjekt. Men det han ikkje var klar over, var at sjølve samanbygginga av bygningar under ulike tak – han oppfatta nok dette som ei litt tilfeldig samanstilling av hus frå ulike stader – fører oss rett tilbake til mellomalderens funksjonsdelte byggjeskikk; til langhustradisjonen frå vikingtida. Dei samanbygde anlegga med eldhus, stove, bu og loft i mange kombinasjonar representerer utan tvil ei lang linje i den historiske utviklinga, og arkeologiske utgravingar dei siste femti åra viser oss at dette er byggjeskikken på gardane i lyngheilandskapet og fjordbygdene i høgmellomalderen.

I 1960-åra vart tuftene etter eit lite gardstun avdekka under torvene på den vesle øya Lurekalven, i utmarka til gardane på Ytre Lygra i Lindås. Her har det lege eit langt samanbygt hus med fleire rom og eit mindre hus parallellt i tunet, og med det som truleg har vore ei stavbygd løe liggjande mot nord i tunet. Dei arkeologiske funna viser at det har vore busetnad her frå 700-talet og fram til 1349/50, då garden vart liggjande som øydegard etter svartedauden. Steinsetjingane og funn i tuf-

tene i det lange huset viser at det har det lege ein verkstad eller ei skykkje mot sør, eit eldhus med åre, ei stove med spor etter røykomn i det eine hjørna av rommet og – litt lågare i terrenget mot nord – eit rom utan eldstad; truleg ei bu som kanskje kan ha hatt eit loft i andre høgda. Det ser også ut til at det har vore ein smal svalgang mot vest langs eldhuset og stova. Den tufta som ligg ved sida av i tunet er truleg ei røykstove med sentral eldstad og eit skot – inngangsrom – mot nord. Det er såleis ein gard frå 1200-talet vi har framfor oss, og samanliknar vi dette anlegget med bygningane på Boga, oppdagar vi at det er eit liknande hus som har stått på tuftene i Lurekalven! Ei understreking av denne mellomalderlege bygningstradisjonen får vi ved å samanlikna med den lange husrekka på Oppheim gamle prestegard på Vossestrand. Her ligg skykkje, eldhus, stove og bu med loft, med ein langsgåande svalgang og eit «la» – ein steimurt terrasse – framfor.

Utgravinga av tunet på Høybøen på Sotra kring 1980 stadfester dette interessante biletet av mellomalderens byggjeskikk. Her ligg flor, løe og eldhus samanbygde i den eine husrekka i tunet, og stove, bu og skykkje i den andre. Dette er samanbyggingsformer vi kjenner i lyngheilandskapet frå seinare hundreår, og det vi ser på Høybøen, er ein liten kystgard slik han truleg har vore i bruk på 1200-talet, med naust og båt nede ved fjorden. Også denne garden vart fråflytt etter 1350 og vart liggjande som øydegard heilt fram til vår tid, og gjennom digitale rekonstruksjonar kan vi få fram biletet av denne busetnaden i høg mellomalderen. Men det er berre Boga som i dag kan visa oss samanhengen i denne byggjeskikken. Det er mellomalderens bygningstradisjonar vi ser i Bogatunet, og ut frå den kunnskapen dei arkeologiske utgravingane i andre halvdel av 1900-talet har lagt for dagen, er det svært sannsynleg at det er slutten av langhustradisjonen frå vikingtida som ligg i den funksjonsdelte byggjeskikken, med samanstillinga av eldhus, stove og bu i det daglege hushaldet – rom for koking, for opphald og for lagring – som tilsvarende den funksjonelle seksjoneringa av langhuset, i vekslende kombinasjonar med løe, fjøs og stall.

Derfor kan det i dag ikkje vera tvil om at det er mellomalderens byggjeskikk vi tidlegare kunne sjå i dei lange låge husrekkeane i tuna som prega lyngheilandskapet på den norske vestkysten heilt fram til slutten av 1800-talet, med mange kombinasjonar av samanbygde innhus og uthus, rekkjer av stover og eldhus eller lange stavbygde løer der kvart bruk hadde sin seksjon. Då oppdagar vi at det vi ser i innhusrekka på Boga, med eldhus, stove og bu med loft under ulike tak, truleg representerer ei hovudlinje i den vestnorske busetnadshistoria frå vikingtid og mellomalder, som er eit viktig kapittel i saga om busetnaden i kystbygdene ved Atlanterhavet, langs Norvegr – leia mot nord. Det er frå desse bygdene busetjarane drog ut på 800-talet, for å finna nye buplassar på øyane i Nordatlanteren, der dei bygde seg hus etter heimlandets byggjeskikk, og derfor finn vi viktige spor på vesterhavsoyane, på Færøyane og Island, som viser oss samanhengen i det store biletet av byggjeskikken gjennom tusen år. Derfor er Bogatunet og tuftene etter den vesle garden på Lurekalven i dag mellom våre mest sentrale kulturminne, både nasjonalt og internasjonalt. Når den nye norske arkitekturhistoria no kjem på engelsk, vil dette vesle tunet på vestkysten av Skandinavia kunna bli eit etterspurt reisemål, der mange vil oppdaga det fascinerande nærbiletet av hus, heim og daglegliv i eit barskt klima ved dei nordlege strendene.